

Vår ref.:
20/01295-1

Dato:
31.01.20

Referat IDF - møte 1/20 (03.02.2020)

Møtes varigheit og stad: 09.30 – 15.30 i styrerommet på K1, A825

Til stede:

Arbeidsgjevar:

Berit Rokne	Rektor
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Wenche Fjørtoft	Avdelingsleiar HR
Anne Marit Morken	Nestleiar avdeling for HR
Linn Melby Meyer	Referent

Arbeidstakar:

Kristin Lofthus Hope	Forskerforbundet
Olav Christian Ruus	Forskerforbundet
Ingrid Råheim Grønsdal	Utdanningsforbundet
Reidun Stavland	Norsk sykepleierforbund
Tone Skjerdal	NTL
Kari Smørås Brakstad	Parat
Pål Albert Olsen	Akademikerne

Karin Bell Hovudverneombod

Sakliste:

FASTE PUNKT

1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

INFORMASJONS-/ DRØFTINGSSAKER –

2/20 Saker til styremøte

Rektor deltok i første del av møtet for å gå igjennom styresakene.

1/20 Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll

2/20 Forslag til årsplan for HVL 2020

Rektor orienterte om arbeidet med årsplan.

FF stiller spørsmål om budsjett sett i høve til campusutvikling og bemanningsplanar.

Rektor viser til at vi skal ha fem levande campus, at vi må ha ein campusutviklingsplan som seier kva som må vere til stades på campus for å få dette til. Bemanninga i fakulteta vert regulert i høve til tal studietilbod som finst.

NSF stiller spørsmål om måltal for HVL i 2020.

Rektor oppklarer problemstillinger knytt til studiepoeng per fagleg tilsett og strategi for å øke resultat på studiebarometeret.

NSF stiller spørsmål om ambisjon for 2025 om del administrative tilsette.

Rektor viser mellom anna til effektiviseringskutt initiert frå KD, HVL må finne fleire moglegheiter for å effektivisere.

FF spør om FOU tid til vitenskapleg tilsette på grunnlag av å øke ambisjon innan forskning.

Rektor svarer at alt må vere i balanse. Retningslinjer om FOU tid vert implementert på fakultetsnivå, og det må sjåast mot undervisning og FOU tid.

UDF stiller spørsmål til om HVL sine målsettingar utjamnar kvarandre i høve til tap av studiepoeng når studentar tek utveksling i utlandet, samt ønsket om å øke i studiepoengproduksjonen.

Rektor viser til at vi må arbeide for å rekruttere studentar slik vi oppnår god studiepoengproduksjon.

NTL stiller spørsmål om desentraliserte utdanningstilbod utafor campus.

Rektor svarer at ein skal sjå nærare på dette. HVL har som primærambisjon å utvikle tilboda på campus.

Akademikerne spør om studieplassar knytt til ingeniør der ein ikkje klarer å fylle studieplassane.

Rektor svarer at det vil bli eit intensivt opplegg for studentrekruttering mot ingeniørområda. HVL har ikkje råd til å la studieplassar stå tomme, må ha moglegheit til å vere fleksible og få flest studieplassar i omløp.

NSF stiller spørsmål om verksemdsmål 4.2 og risikobildet når fagtilsette ikkje fører arbeidstid.

Organisasjonsdirektøren svarer at fusjon, leiing på tvers og det generelle bildet på arbeidsmiljø har innverknadar på verksemdsmål 4.2. Det er behov for gode faglege og administrative miljø på kva campus. HVL jobbar systematisk med arbeidsmiljø gjennom leiarutvikling og viser til arbeidsmiljøundersøkinga (ARK-undersøkinga) som vil bli gjennomført i 2020.

Verneombod er oppteken av at tilsette er på campus og at HVL jobbar mot dette, viktig for at studentar og tilsette skal trivst.

Rektor viser til at ein skal fremme nærvær på campus. Det er viktig å utvikle eit kollegafelleskap på campus, på tvers av fagmiljø.

FF stiller spørsmål om korleis vi vurderer måloppnåing på det nasjonale styringsparamter på masterutdanningane.

Rektor viser til kandidatundersøkinga som kartlegg kven som får arbeid. Det er kommunikasjon som held i dette. Men kan bruke alumni meir systematisk.

3/20 Revisjonsplan for internrevisjon 2020

Rektor orienterte.

4/20 Årsrapport studentombodet 2019

Rektor orienterte.

5/20 Etablering av Master of Science in business (120 sp)

Rektor orienterte.

6/20 Utsatt sensur – URO400

Rektor orienterte om utsett sensur grunna at ein ikkje har klart å få tak i sensor med spesialkompetanse.

NSF stiller spørsmål om ein kan søkje om utsett sensur ved andre høve.

Rektor viser til forskrifta om studium og eksamen ved HVL. Utsett sensur skal søkast om til styret. Sensurfristen er 3 veker og at beveglege heilagdagane ikkje kan leggast til i sensurfristen.

7/20 Utlysing av stilling som rektor ved Høgskulen på Vestlandet

Organisasjonsdirektør orienterte om saksgangen ved tilsetting av ny rektor ved HVL.

HTV for NTL Tone Skjerdal spurte dei andre organisasjonane korleis dei vil stille seg til at spørsmålet om vald eller tilsett rektor. NTL ønskjer vald rektor. FF, UTD, NSF, parat og Tekna støtta synspunktet.

Organisasjonsdirektør og rektor viser til nytt lovutkast i UH-lova der det truleg vil vere ein diskusjon kring styringsmodell.

O- sakar:

O-1/20 – Årshjul for høgskulestyret 2020

Rektor orienterte.

UDF stiller spørsmål om strategiske saker og saknar fokus på studentrekruttering.

Rektor viser til at det er utarbeidd ein handlingsplan for studentrekruttering, saka har vore i styret. Dokumentet er retningsgivande for rekruttering av studentar.

UDF ønskjer at studentrekruttering må sjåast på i høve på dei ulike campus.

O- 2/20 – Tildelingsbrev

Rektor orienterte.

O- 3/20 – Orientering om lokale forhandlinger 2.5.1

Rektor orienterte.

NTL stiller spørsmål om beløpet for lønnsjustering for leiarar på nivå 1 og 2.

Organisasjonsdirektøren viser til at det i teksten er teke omsyn til all lønnsauken i 2019, mens diagrammet berre inkluderer lønnsreguleringa etter HTA2.5.2

O- 4/20 – Status for arbeidet med informasjonssikkerhet.

Rektor orienterte.

O- 5/20 – Orientering om Bergen Konfutse institutt

Rektor orienterte.

NTL stiller spørsmål om kvifor avtalen med Bergen Konfutse institutt ble skriva under etter førre styremøte. Rektor viser til at avtalen ikkje var noko som går utover vår integritet og at HVL ikkje har hatt negative erfaringar med samarbeidet. Har vald å forsette dette samarbeidet. Ligg ingen endring i praksisen som har vore over år. Men viser til at det er viktig å vere reflektert i eitt kvart samarbeid med Kina.

O – 6/20 – Orienteringar frå rektor

NSF stiller spørsmål om Tettpå konferansen for alle tilsette 23. november.

Rektor viser til at dette er eitt arrangement for alle tilsette på alle campus. Det vil vere internt program.

Andre saker:

3/20 Planlegging av partsamarbeidet i 2020:

Arbeidsgjevar har utarbeidd årshjul for 2020, med datoar knytt faste styresaker, tidsplan for revidering av tilpassingsavtale og lønspolitisk plan. ID møta for fakulteta og fellesadministrasjon vert lagt ved.

4/20 Køyreplan for 2.5.1 forhandlingar

Organisasjonane har fått forslag til køyreplan for 2.5.1 forhandlingane. Dette vert sendt som forslag til alle organisasjonane etter HTA med frist for innspel.

Organisasjonen ønskjer å rullere på forhandlingsstad.

Arbeidsgjevar kjem tilbake til stad for forhandlingar. LO/UNIO/YS vil vurdere forslaget om skrifteleg tilbakemelding på 1. tilbod.

5/20 Ressursfordeling – tillitsvalde

Avdelingsleiar HR informerte om ressursfordeling for tillitsvalde. No er det 8,5 årsverk som følgje av fusjon, det vert planlagt å gå ned til 7,5 årsverk, noko vi hadde som føresetnad under arbeidet med fusjonen.

6/20 Tilsettereprerentasjon i intervju

Nestleiar for HR innleiar med å vise til praksis i dag for tilsettereprerentasjon i intervjuprosessen. Ønskjeleg å sjå på praksisen her.

Organisasjonane viser til at det er tidskrevjande og vanskeleg å delta på alle intervju i dag, forventningar om at dei skal delta på andre campus. Men viser til at det er viktig at tillitsvald apparatet vert synleg for søkjarar. Det er ønskjeleg å kunne gi informasjon under intervju til kandidatane om organisasjonane og kontaktpersonar, mogleg som eit profileringsdokument av organisasjonane som vert gitt til søkjarane.

FF viser til at dei ikkje kan bruke tidsressursen dei har fått til tillitsvaldapparatet til deltaking i intervju. Viser til at det viktig med gode prosessar på HR som sikrar likebehandling av søkjarane.

Organisasjonane ønskjer seg tid i arbeidsplanen til å delta på intervju. Men viktig at dei som kjenner faget kan delta på intervju, slik ar det vert gjort gode tilsettingar. Det er også viktig med kontinuitet på kvar enkelt tilsettingsprosess, UDF spelar inn forslag om bruk av fagkoordinatorar som kan styrkast med timar for å vere med i tilsettingsprosessen.

Oppsummering:

- det er einigheit om at det er ressurskrevjande for tillitsvalde å delta på intervju
- det er einigheit om at det er positivt at det er fagpersonar som deltek
- spørsmålet vidare er kostnadar knytt til deltaking

Spørsmål om drøfting av utlysingstekster med tillitsvalde vart utsett.

7/20 Særavtale for tillitsvalde

Avdelingsleiar for HR informerer. Særavtale for tillitsvalde går ut då det ikkje er høve til å inngå slike særavtalar. Praksis må inkorporerast i lønspolitikken.

8/20 Ymse

- NTL spør om det finst retningslinjer for minneord på Vestibylen.

Avdelingsleiar for HR informerer om at faggruppa for HMS held på å utarbeide rutinar/ praksis for dette. Det er næraste leiar sitt ansvar.

- UDF ønskjer seg oppdatert status for dei fagtilsette som har gamal overtid som dei ikkje har hatt moglegheit til å avspasere grunna full arbeidsplan.

Avdelingsleiar for HR viser til at dette må takast tilbake til fakulteta for å finne ein løysing på dette.

- UDF stiller spørsmål om reisetid for fagtilsette.

Avdelingsleiar for HR svarer at når det gjeld reisetid for undervisning er tanken for fakulteta at det skal innarbeidast i arbeidsplanen. Når det gjeld andre reiser, skal det handsamast på same måte som for administrative tilsette. Reisetida skal kunne takast ut i fritid på eit seinare tidspunkt, jf. interne retningsliner for dette som vart drøfta med dei tillitsvalde og lagt fast våren 2019.

- NTL har tidlegare spelt inn spørsmål om bruk av privat mobil knytt til tottrinns innlogging i P360.

Arbeidsgjevar har svart følgjande (vil bli lagt ut i personalhandboka):

To-faktor er eit vesentleg tryggingstiltak, tilrådd av NSM og UNIT. IT inngikk i mars 2019 avtale med Uninett om rett til bruk av sterk autentisering i Feide.

Privat mobil og trygg bruk:

Ordninga opnar kun opp for å sende ein SMS til eigar av mobilen, på same måte som for andre system. Denne SMS'en vert sendt som følgje av at brukar av system har søkt å identifisere seg. Vedkomande har da identifisert seg som mobilbrukar. Ordninga vert oppfatta som sikker på ei lang rad kritiske system (td. Bank). og vert tilrådd av vår sentrale Nasjonale Sikkerheitsmyndighet.

Om tilsett ikkje har med mobil på jobb/ikkje virkar:

Dersom det er tidskritisk (oppgåva kan ikkje vente til mobilen er tilgjengeleg) kan «IT utvikle en prosedyre der IT-hjelp kan legge inn et annet telefonnummer i privat mobilnummerfeltet for en person. Dette vil da flyte over til Feide ved neste oppdateringen (hver hel og halv time). Da kan den ansatte bruke en annen telefon (for eksempel på nabokontoret) for å ta imot to-faktor koden resten av gjeldende arbeidsdagen. Privat mobilnummerfeltet vil bli overskrevet tilbake til den opprinnelige verdien ved neste import fra SAP samme kveld».

Om tilsett ikkje ønskjer bruk av privat mobil

HVL vil kjøpe billegaste modell med kontantkort til dette formålet. Kravet er da at tilsett har denne tilgjengeleg i arbeidssituasjonen, uavhengig av stad.

Spørsmål som ikkje vart svart på i møte:

- Akademikerne speler inn spørsmål om høgspenningslabben i Bergen som ikkje kan brukast grunna feil. Det er gjort store investeringar i labben og dette har vore situasjonen i seks år.
- UDF har spelt inn spørsmål om sak frå velferdsutvalet.

Saker som er spelt inn i teams vil bli gått gjennom og svart på ved neste høve.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.